

Heim for ein 50-lapp frå Tokke

Ungdomsrådet har ynskt å få til denne ordninga.

Ved oppstart av skuleåret var nær 40% av elevane på Vest Telemark VGS. ungdom frå Vinje. Største delen av ungdom mellom 16 og 18 år som har heimeadresse i Vinje går på sin nærskule som ligg på Dalen i Tokke


Det er ein naturleg alder for å skape nye vennskap og «henge» med venner på fritid. Dette er også ein alder der me veit at testing av alkohol også er svært vanleg.

Me veit at ungdom i Vinje drikk tidlegare, oftare og meir enn ungdom i resten av fylket vårt. Dette kjem klart fram i Ungdata, tala vert bekrefta for dei i kommunen som jobbar oppsøkande ute med ungdom, særskilt ved større samlingar og arrangement på Dalen. (Føresette bør absolutt i mykje større grad følge med på kva ungdommane gjer, kva som skjer, og kvar ting skjer. (Føresette bør moglegvis også køyre sine ungdom sjølv i staden for at andre mindreårige har dette ansvaret i ein mopedbil eller UTV.) Mindreårige har ikkje lov til å drikke alkohol, men me veit alle at det skjer - og at store delar av mindreårige, særskilt på vidaregåande, får lov til dette av føresette.)


Prosentandel som drikk alkohol av og til eller oftare i ungdomskulen i Telemark (2024)

Figur 8.4 Alkohol

Prosentandel som drikker alkohol av og til eller oftare. Telemark 2024. 8.-10. trinn.




Dette aukar ytterlegare for ungdom i vidaregåandeopplæring (2024)



Å forebygge tidleg alkoholdebut, skade eller ulykker som følger av dette er svært viktig, dette må me bli betre på i Vinje, og det vil krevje eit arbeid med holdningar over lengre tid.

Å prøve ut heim for ein 50-lapp frå Tokke er såleis **ikkje** ei «velsigning» eller grønt lys til å «feste» meir i Tokke, men eit reint forebyggjande tiltak for å unngå køyring der våre ungdom kan komme til alvorleg skade ved ulykker.

Tal frå Ungdata 2024 syner at 9% av ungdom på ungdomskulen i Vinje har sete på med ein yngre ruspåverka sjåfør, 14% av elevane på Vest Telemark Vidaregåande svarar det same.



Når ungdommane våre meiner dette vil vera eit viktig forebyggjande tiltak - bør me lytte til dei!

